

Arkeologisk undersøkning av Stavahaugen (B16514)
Skåla gnr. 82 bnr. 19, Kvinnherad k., Hordaland



Utgravingsrapport 2009
Universitetet i Bergen
Bergen Museum
Seksjon for ytre kulturminnevern
Heidi Handeland

Innhald	Side
Bakgrunn	1
Resymè	1
Topografi	2
Tidlegare funn i området	2
Målsetting	3
Metode og arbeidsforløp	3
Resultat	5
<i>Branngrav A1</i>	5
Funn	6
Datering	7
<i>Branngrav A2</i>	8
Funn	8
Datering	9
<i>Eldstad A3</i>	9
<i>Stolpeliknande struktur A4</i>	9
<i>Andre gjenstandsfunn</i>	10
Tolking	11
Litteratur	

Vedlegg

1. Funntabell
2. Prøveliste
3. Liste over felteikningar
4. Fotoliste
5. Dateringsrapport frå Beta Analytic Inc.

Figurliste

Framsida:	Gravemaskin i ferd med å avtorve sjakter i Stavahaugen, grabben V for midten. I bakgrunnen Malmangernuten, i framgrunnen utgravingsfelt på Jensajordet, Skåla gnr. 82 bnr. 5. Foto mot SØ.	
Fig.1:	Utgravd område, oversikt.	3
Fig.2:	Profil mot NV (42-51x100y)	4
Fig.3-4:	Midtpartiet under graving. Mot SV (venstre) og mot S (høgre).	5
Fig.5:	Strukturtabell	5
Fig.6-7:	Til venstre A1 under graving, mot NØ. Til høgre A1 etter graving, mot SV.	6
Fig.8-9:	Flateretusjert pilspiss (B16514/5) og kleberkarskår (B16514/1).	6
Fig.10:	Funntabell, A1.	7
Fig.11:	Profil mot NV, A1 og A2 (51-58x100y).	8
Fig.12-13:	Knakkestein (B16514/10) til venstre. Til høgre knakkestein markert med raudt i kantsetting. Profilfoto mot SV.	9
Fig.14:	Funntabell, A2.	9
Fig.15:	Rekonstruksjonsforslag av Stavahaugen, vist i relasjon til delar av utgravingsfelt på Jensajordet, Skåla gnr. 82 bnr. 5. Oppe til venstre antatte restar av den andre Stavahaugen.	10

Foto/teikning: H. Handeland der ikkje anna er opplyst

Bakgrunn

Sikringsgraving av gravhaugen på Skåla gnr. 82 bnr. 19 vart initiert av Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern (SFYK). Grunngevinga for undersøkinga var at gravhaugen allerede var skada av moderne aktivitet, og kunne vere utsett for ytterlegare skade (brev frå Bergen Museum, SFYK, til Riksantikvaren datert 26. mai 2008). Den undersøkte gravhaugen er kjent som ein av dei to Stavahaugane, Askeladden ID 95910. Den andre av dei to Stavahaugane ligg overvegande på bnr. 5 og fall innanfor frigivingsundersøking der, føreteke i mars-juni 2008. Størstedelen av haugen som blir omtalt her ligg på bnr. 19. Undersøkinga av denne vart dekkja av post 78 midler og utført av personale frå Bergen Museum, SFYK, 11-21. august 2008.

Resymè

Undersøkinga av Stavahaugen (bnr. 19) påviste to branngraver og sannsynleggjorde eit bruksforløp i tre fasar. Sentralt i haugen var ei steinpakning med ei branngrav frå yngre bronsealder (A1). Øst for sentrum låg ei branngrav frå førromersk jernalder (A2). Dateringsresultat i kombinasjon med haugen si oppbygging indikerer at den har blitt påbygd og fått den størrelse og utstrekning den hadde ved utgravingstidspunktet etter anlegging av grava frå førromersk jernalder. Påbygginga har sannsynlegvis skjedd ved ei seinare gravlegging i eldre jernalder (romertid eller folkevandringstid), sjølve gravlegginga frå denne fasen er ikkje påvist.

Kronologisk ramme

Tidsalder	Periode	C14 alder BP*	kalender alder
Eldre steinalder	Tidligmesolittikum (TM)	10000 - 9000 BP	9200 - 8050 f.Kr
	Mellommesolittikum (MM)	9000 - 7500 BP	8050 - 6400 f.Kr
	Senmesolittikum (SM)	7500 - 5200 BP	6400 - 4000 f.Kr
Yngre steinalder	Tidligneolittikum (TN)	5200 - 4600 BP	4000 - 3300 f.Kr
	Mellomneolittikum A (MNA)	4600 - 4100 BP	3300 - 2800 f.Kr
	Mellomneolittikum B (MNB)	4100 - 3800 BP	2800 - 2400 f.Kr
	Senneolittikum (SN)	3800 - 3500 BP	2400 - 1800 f. Kr
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 - 2900 BP	1800 - 1000 f.Kr.
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 - 2500 BP	1000 - 500 f.Kr
Jernalder	Førromersk jernalder (FRJA)	2500 - 2010 BP	500 - Kr.f.
	Romertid (RT)	2010 - 1680 BP	Kr.f - 400 e.Kr
	Folkevandringstid (FVT)	1680 - 1500 BP	400 - 570 e.Kr
	Merovingertid (MVT)	1500 - 1210 BP	570 - 800 e.Kr
	Vikingtid (VT)	1210 - 1050 BP	800 - 1030 e.Kr
Middelalder	(MA)	1050 - 320 BP	1030 - 1537 e.Kr
Nyere tid		320 BP -	1537 e.Kr -

*Basert på fleire kjelder. Presis plassering av fleire overgangar er under debatt (Simpson 2004).

Topografi

Den utgravde gravhaugen ligg i dyrka mark oppå ei stor moreneterrasse 20-25 m o.h. sentralt i Rosendal, i bruksgrensa mellom bnr. 5 og bnr. 19. Størstedelen av haugen som blir omtalt her ligg på bnr.19. Opprinneleg har haugen strekt seg inn på det som i dag er bnr. 5, denne delen av haugen er øydelagt av ei moderne grøft.

Tidlegare funn i området

Frå tidlegare registreringar er det kjent over 20 gravhaugar/røyser på Skåla (Bendixen 1895). Stavahaugane skal ha vore to store og godt synlege haugar. Per Fett omtalar dei slik:... *to haugar som låg kant i kant på flata ved bytet mellom bnr. 19 og 5, 80 m SV for kyrkjevegen (...)* Det var to fine haugar på 10-12 m i tvn. Høgda har vore 1,5 m, no er ein liten halv meter att. Den eine haugen var tørr røys med tynt jorddekke. Mellom steinane låg leirkrukker med brende bein og opprusta jarnsaker (Fett 1956). Funnmaterialet er antatt tapt, og det er i dag ikkje råd å identifisere sikkert kven av dei to haugane funna kom i frå.

Haugen på bnr. 5 fall innanfor planområdet for bustadutbygging på Jensajordet, og vart undersøkt i samband med frigivingsundersøking der. Denne haugen var skada av moderne aktivitet og kunne ikkje avgrensast. Den gav heller ingen funn av gjenstandar eller strukturar. Undersøkinga for øvrig påviste aktivitet frå yngre steinalder og fram til høgmellomalder (Handeland og Diinhoff *in prep*).

Askeladden oppgir 8 lokaliteter med ein eller fleire gravhaugar/røyser på Skåla, totalt 12: Askeladden ID 6400, 15771, 25943, 35846, 66377, 95909, 95910 og 101797. At talet er lågare i dag samanlikna med tidlegare registreringar er truleg på grunn av at nedpløying gjer haugane vanskeleg gjenfinnbare, dei kan dermed ikkje nøyaktig kartmarkerast. Det viser seg likevel at dei i nokre tilfelle blir gjenfunne under matjorda ved arkeologisk registrering og utgraving (Rapport 29 2001, Handeland og Diinhoff *in prep*).

Tidlegare kjende daterbare gravfunn frå Skåla ser ut til å plassere seg til eldre og yngre jernalder:

B110-B111 glasmaikkperler frå gravhaug på Skåla (jernalder)

B5123 gravkammer med keramikkskår, trekol og bryne, frå ein stor rydda haug på Skåla (truleg jernalder)

B6993 to graver, ei mannsgrav frå sein folkevandringstid og ei kvinnegrav frå yngre jernalder.

Øg fleire lausfunn frå Skåla kan ut frå funntype og opplysningar om funnkontekst stamme frå jernaldergraver:

B1620 fiskesøkke funne i ein haug?

B5122 beltestein

B6893 spinnehjul

B7062 oval skålforma spenne av bronse (Rygh 647)

B7877 spydspiss av jern

B9319 beltestein av kvartsitt

Målsetting

Grunngjeving for undersøkinga er formulert i prosjektplan og budsjett frå Bergen Museum, SFYK, datert 26. mai 2008. Bevaringspotensialet vart vurdert som lite ettersom haugen allerede var skada av moderne aktivitet, og faren for ytterlegare øydelegging stor. Ein rekna det dermed som tenleg å sikre kunnskap om haugen gjennom utgraving for å dokumentere eventuelle bevarte strukturar.

Metode og arbeidsforløp

Den undersøkte haugen var før utgraving synleg som ei svak forhøgning med runda form, ca 50 cm på det høgaste. På NV-sida var den skada av ei moderne grøft og ein grusveg. For å påvise eit eventuelt kammer og dokumentere haugen si utstrekning vart det avtorva to sjakter på opptil 3 m breidde, totalt ca 105 kvm. Den eine sjakta gjekk i retning NØ-SV parallelt med grusvegen og var 21 m lang, den andre gjekk i tilnærma retning NV-SØ i ca 11,5 m lengde. Sjøktene kryssar kvarandre i haugen sitt midtparti der den såg ut til å vere høgast. Haugen si avgrensing mot SV og SØ ligg ca 10 m frå A1, noko som tilseier at den har vore rundt 20 m i diameter og hatt tilnærma rund form. Fyllmassen besto både av jord og stein, og haugen kan karakteriserast som ei jordblanda røys.





Fig.1: Utgravd område, oversikt



- Profil mot NV, Stavahaugen
- 1 Moderne dyrkingsjord: Gråbrun jord med einssilde små steinar
 - 2 Mørk brun finkorna masse med spreidd trekol
 - 4 Undergrunn: Oransje grus, sand og småstein

Fig.2: Profil mot NV (42-51x100y)

I haugen sin antatt sentrale del stakk det opp fire store steinar etter avtorving, og den manuelle gravinga vart fokusert der. 9 kvm vart gravd i 5 cm lag i 50x50 cm einingar etter lokalt etablert koordinatsystem med x-verdi aukande mot NØ, og y-verdi aukande mot SØ. Koordinatsystemet er innmålt til baksikte på arkeologisk felt på Jensajordet som ligg NV for Stavahaugen. Masse frå ruter og strukturar vart sålda i 4 og 2 mm såld.

I utkanten av det rutegravde området kom det fram eit steinpakka fyllskifte, sjakta vart her utvida for å få fram heile strukturen. Størstedelen av det øvrige avtorva området vart gravd ned til undergrunnen med maskin.



Fig.3-4: Midpartiet under utgraving. Mot SV (venstre) og mot S (høgre).

Resultat

Utgravinga påviste fem strukturar, A1-A5. A1 og A2 er tolka som branngraver, A3 som rest av ein eldstad eller muligens ei branngrav, og A4 som ein stolpeliknande struktur. A5 vart snitta og avskriven som eit steinavtrykk. Denne blir ikkje omtalt nærmare.

Struktur	tolking	anlegg	form i flate	lengde flate	breidde flate	dybde profil	breidde profil	sider	botn	Teikn	kommentar
A1	branngrav	Stavahaugen	avlang	340	150	46	324	rund	ujamn	2,3, 4	Meir kolhaldig i V del
A2	branngrav	Stavahaugen	rundoval	80	72	19	72	skrå	flat	2	Kantsette steinar rundt delar av strukturen
A3	eldstad	Stavahaugen	rundoval	72	46	4	44	skrå	flat	2	Eller rest av branngrav. Ikkje fullstendig avdekka
A4	stolpelikn		rund	30	30	10	37	skrå	flat	2	Muleg stolpeavtrykk, lysare masse på sidene
A5	steinavtrykk		rundoval								Steinavtrykk i A1, snitta og avskriven

Fig.5: Strukturtabell

Branngrav A1

A1 ligg i haugen sitt sentrum og er den eldste gravlegginga, ei branngrav frå yngre bronsealder. Strukturen framstår som eit avlangt steinpakka fyllskifte orientert VSV-ØNØ. I plan er A1 340 cm lang og opptil 150 cm brei, dybda er opptil 46 cm. Sjakta som går i retning NØ-SV snittar A1 nesten diagonalt i lengderetninga. Profilen i dette snittet vart dokumentert og den sørlege halvdelan av A1 vart gravd kvadrantvis i 5 cm lag. Etter dette vart sjakta utvida mot NV med maskin for å avdekke resten av strukturen ned til toppen av steinpakninga.



Fig.6-7: Til venstre A1 under graving, mot NØ. Til høgre A1 etter graving, mot SV.

Etter utvidinga vart resten av A1 dokumentert i plan og gravd kvadrantvis i 5 cm lag. Massen vart sålda i 4 mm og 2 mm såld. Fyllmassen er mørk brun og finkorna, med spreidd trekol. Vestlege del av strukturen skil seg ut som meir trekolhaldig enn fyllmassen elles i strukturen (lag 3 i profil), men synest ikkje sekundær til A1 (sjå fig.11). Lag 3 kan vere restar av gravlegginga, eller på anna måte vere forbunde med gravritualet.

Funn

I fyllmassen til A1 vart det funne eitt keramikkskår, tre kleberkarskår, ein flateretusjert pilspiss og ein skrapar av flint, 17 avslag av flint og kvartsitt, hasselnøttskal og tre brente bein. Dei tre kleberkarskåra ser ut til å stamme frå to forskjellige kar, og det eine eller begge kan ha fungert som gravurne.



Fig.8-9: Flateretusjert pilespiss (B16514/5) og kleberkarskår (B16514/1)

Ved opprens av profilen mellom A1 og A2 vart det funne ein spiss frå ein flateretusjert flintdolck. Avslag og bitar av flint og kvartsitt førekjem både i A1 og elles i den utgravde massen, det er dermed uvisst korvidt desse er intensjonelt plassert. Etersom aktivitet frå fleire steinbrukande periodar er belyst på Jensajordet bnr. 5 like ved (Handeland og Diinhoff *in prep*), er det i dette tilfellet stor fare for redeponering av materiale. Med unntak av eitt retusjert avslag er flintreiskapane funne **i** og **nær** A1, medan avslag for øvrig opptrer både **i** og **utanfor** A1 (sjå vedlegg 1). Dette kan tyde på at flintreiskapane har tilhøyrt gravgodset.


tilvekst	f-nr.	funntype	materiale	antal	mål	skildring	struktur	x-koor	y-koor	kv
B16514/1	38	kleberkarskår	kleber	2	8,1 cm, t. 0,9 cm, 63,63 g samla	2 bukskår som høyrer saman, største mål er totale mål	1	53	99	
B16514/2	37	kleberkarskår	kleber	1	9,1 cm, t. 1,4 cm, 175,15 g	bukskår m/noko matskorpe på innsida	1	53	99	
B16514/3	33	kleberstykke	kleber	1	4,1 cm, 18,27 g		1	52	100	nø
B16514/4	34	keramikkskår		1	1,7 cm, t. 0,5 cm	svart/raudleg, ubestemt magringsmateriale	1	52	100	nø
B16514/5	46	pilesmiss	flint	1	st.l. 1,9 cm, st.br. 0,9 cm (basis)	flateretusjert m/konveks basis, ytterste spissen manglar	1	53	100	nv
B16514/6	47	skrapar	flint	1	3,7 cm	steil retusj i distalenden, retusj langs to langsider	1	53	100	nv
B16514/7	20	avslag	flint	1	0,7 cm		1	52	100	sø
B16514/7	30	avslag	flint	3	1,2-2,0 cm	den største er noko patinert/brent	1	52	99	
B16514/7	32	avslag	flint	5	1,4-3,8 cm	2 patinert/frostsprengt, 1 brent	1	52	100	nø
B16514/7	35	avslag	kvartsitt?	1	5,5 cm	grønn	1	53	99	
B16514/7	36	avslag	flint	2	1,2-2,1 cm	m/cortexrest	1	53	99	
B16514/7	42	avslag	flint	1	1,4 cm	patinert	1	53	100	sø
B16514/7	48	avslag	flint	1	1,7 cm	frostsprengt?	1	53	100	nv
B16514/7	57	avslag	flint	1	1,5 cm	noko patinert	1	54	100	sv
B16514/7	58	avslag	kvartsitt	1	4,2 cm	grønn	1	54	100	nv
B16514/8	52	nøtteskal			0,24 g	brent (VP 8)	1	53	100	sv
B16514/9	51	brent bein		1	0,54 g		1	53	100	nv
B16514/9	59	brent bein		2	0,11 g		1	54	100	nv

Fig.10: Funntabell, A1.

Datering

Typologisk må datering av A1 knyttast til kleberkara. Desse må plasserast til kleberkara sin eldste bruksfase, yngre bronsealder - eldre romertid (Pilø 1990). Det eine keramikkskåret som er funne i A1 har ikkje sikre daterbare trekk, men motseier ikkje ei datering til dette tidsrommet.

Ein prøve frå A1 lag 3 vart sendt til c14-datering, denne gav resultatet 2530+/-40 BP, kalibrert BC 800-530, yngre bronsealder (Beta-253028). Dette samsvarar med diagnostisk funnmateriale frå yngre bronsealder/eldre jernalder, og bidrar til å trekkje gravlegginga mot yngre bronsealder. Basert på haugen sin oppbygging og kronologi er det sannsynleg at den låge steinpakningen har utgjort den eldste gravmarkeringa.



Profil mot NV, Stavahaugen A1 og A2

- 1 Moderne dyrkingsjord: Gråbrun jord med einskilde små steinar
 - 2 Mørk brun finkorna masse med spreidd trekol, nederste 5-10 cm spetta med oransje silt
 - 3 Svart trekolhaldig masse
 - 4 Undergrunn: Oransje grus, sand og småstein
- A2 Nordvestre kantsetting synleg i profil

Fig.11: Profil mot NV, A1 og A2 (51-58x100y).

Branngrav A2

A2 er skåre ned i undergrunnen 0,7 m Ø for A1. A2 har etter alt å dømme vore ei branngrav utan overflatemarkering, den mest vanlege gravskikken i førromersk jernalder (sjå til dømes Solberg 2000:40-42).

A2 er rundoval og måler 80x72 cm i plan. Dybda var opptil 19 cm, nedskjæringa er skrå og botnen flat. Rundt delar av den ytre avgrensinga var det kantsette stein. Strukturen vart først halvsnittta for å dokumentere profilen i midten, den resterande halvdelen vart deretter tømt. Fyllmassen var kolhaldig med konsentrerte trekolbitar i midtpartiet mot botnen. Det var ingen keramikkfunn i massen, så ein eventuell behaldar for dei brende beina kan ha vore av organisk materiale, som never eller tre. All massen vart sålda med 2 mm såld, det vart kun funne eitt beinfragment i massen og ein knakkestein i kantsettinga.

Funn

Sålding av massen i A2 gav funn av eitt brent bein (B16514/11). I kantsettinga som dannar strukturen si ytre avgrensing stod ein knakkestein (B16514/10). Steinen er ein oval rullestein med tydelege knakkespor på eine flatsida og eine enden. Knakkespora på den eine flate sida tyder på at steinen har blitt brukt til bipolar slagteknikk, og kan ikkje tidfestast nærmare enn

til steinbrukande tid. Korvidt den er sett i kantsettinga intensjonelt kan vanskeleg takast stilling til, men det skal ikkje utelukkast.



Fig.12-13: Knakkestein (B16514/10) til venstre. Til høgre knakkestein markert med raudt i kantsetting. Profilfoto mot SV.

Tilvekstnr	F-nr	funntype	materiale	antal	mål	skildring	struktur	kommentar
B16514/10	8	knakkestein	bergart	1	8,8 cm	tydelege knakkespor på ei flat side og eine enden	2	del av kantsetting rundt A2
B16514/11	9	brent bein		1	0,01 g		2	

Fig.14: Funntabell, A2

Datering

Ein prøve frå profilen i A2 vart sendt til datering, og gav resultatet 2270+/-40 BP, kalibrert BC 400-340 og 320-210, førromersk jernalder (Beta-253027).

Eldstad A3

A3 er 70x46 cm. Den er ikkje fullt avdekkja, men synest å ha rund eller rundoval form i plan. A3 er 4 cm djup i profil og knapt nedskåre i botnen av haugen. Fyllmassen er mørk brun og trekolhaldig. Det var ikkje funnmateriale i A3 som eventuelt kunne belyse tolkinga. Det kan dreie seg om nok ei branngrav, eller mest truleg ein eldstad som ikkje er relatert til gravhaugen. A3 er ikkje c14-datert.

Stolpeliknande struktur A4

A4 er rund og 30 cm i diameter i plan. Dybda er 10 cm i profil. Fyllmassen består av mørk gråbrun silthaldig masse, iblanda spreidd trekol. I snittet er massen på sidene lysare. A3 er tolka som ein stolpeliknande struktur. Den er ikkje c14-datert, men er sannsynleg forbunde med busetnad eldre enn gravhaugen sin første fase i yngre bronsealder. På Jensajordet bnr. 5 er det påvist busetnad frå yngre steinalder/eldre bronsealder, mellom anna hus A markert på fig. 15 (Handeland og Diinhoff *in prep*). A4 ligg om lag 7 m frå hus A si antatte midtlinje, og

avstanden er for stor til at den kan oppfattast som ein veggstolpe i dette huset. Truleg er A4 forbunde med ein annan bygning eller aktivitet.




Fig.15: Rekonstruksjonsforslag av Stavahaugen, vist i relasjon til delar av utgravingsfelt på Jensajordet, Skåla gnr. 82 bnr. 5. Oppe til venstre antatte restar av den andre Stavahaugen.

Andre gjenstandsfunn

Ein del av gjenstandsfunna framkom ved graving og sålding av masse utanfor strukturane. Dette omfattar ei jernnagle, to kleberkarskår, keramikk av annan type enn keramikkskåret i A1, ei slipeplate, og avslag av ulikt råstoff (sjå vedlegg 1). Jernnagla og keramikkskåra kan godt stamme frå ei seinare gravlegging forbunde med påbygginga av haugen, men konteksten er ikkje god nok til å avgjere dette. Innanfor det rutegravde området opptre funnmaterialet horisontalt spreidd, det vart heller ikkje påvist kammer eller trekolkonsentrasjonar i massen som kunne belyse plasseringa av ei eventuell seinare gravlegging.

Tolking

A1 har utgjort ei gravmarkering i form av ein låg steinpakning. Ettersom flatmarksgrava A2 ut frå dateringsresultatet er yngre enn A1, må A1 ha vore synleg ved anlegging av flatmarksgrava. Dette tilseier at plasseringa av flatmarksgrava nær steinpakningen er intensjonell.

Etter anlegging av A2 må røysa ha blitt påbygd, mest sannsynleg i samband med ei seinare gravlegging. Utgravinga påviste ikkje gjenstandsmateriale eller strukturar som kan gi ei sikker tidfesting av denne seinare gravlegginga, men funna omtalt av Fett gir haldepunkt for ei forsøksvis datering: leirkar, brente bein og jernfragment. Leirkar tyder på ei gravlegging frå eldre jernalder. Det let seg imidlertid ikkje stadfeste at funnmaterialet kom frå akkurat denne av dei to Stavahaugane. Basert på føreliggjande opplysningar om at haugen på bnr. 19 har blitt påbygd etter førromersk jernalder er det i alle høve sannsynleg at den har romma minst ei gravlegging frå seinare del av eldre jernalder; romertid eller folkevandringstid.

Tidlegare daterbare gravfunn frå Skåla plasserer seg tidsmessig til eldre og yngre jernalder. Undersøkinga av Stavahaugen dokumenterer at området vart teke i bruk som gravplass tidlegare enn dette, i yngre bronsealder. Tidsforløpet i bruken av haugen, sett i lys av tidlegare gravfunn i området, tilseier kontinuitet i denne bruken.

Litteratur

Bendixen, Bendix E. 1895: *Fornlevninger i Søndhordland*. Særtrykk af aarsberetning for 1894-1895 for foreningen til norske fortidsmindesmærkers bevaring. Grøndahl & Søn, Kristiania.

Digital tilvekstkatalog, Bergen Museum.

Fett, Per 1956: *Førhistoriske minne i Sunnhordland. Kvinnherad prestegjeld*.

Handeland, Heidi og Diinhoff, Søren *in prep*: Arkeologiske undersøkingar på Jensajordet. Skåla gnr. 82 bnr. 5, Rosendal, Kvinnherad kommune, Hordaland. Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern. Utgravingsrapport..

Pilø, Lars 1990: Early Soapstone Vessels in Norway from the Late Bonze Age to the Early Roman Iron Age. I *Acta Archaeologica* Vol. LX. København.

Rapport 29 2001. Kulturhistoriske registreringar. Skåla gnr. 82 bnr. 16. Planar om ny kyrkjegard vest for Kvinnherad kyrkje i Rosendal. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga.

Simpson, David Neil 2004: Arkeologisk utgravning på Grov, gbnr. 83/1, Flora k., Sogn og Fjordane, Del 1 - Grovavika 1 (B15818). Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern. Innberetning.

Solberg, Bergljot 2000: *Jernalderen i Norge. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*. Cappelen Akademisk Forlag.

Tilvekst	Funn-nr	funntype	materiale	antal	mål	skildring	struktur	X	Y	KV	nivå	dato	sign
B16514/01	38	kleberkarskår	kleber	2	8,1 cm, t. 0,9 cm, 63,63 g samla	2 skår som høyrer saman, største mål er totalmål	A1	53	99			21.08	sd
B16514/02	37	kleberkarskår	kleber	1	9,1 cm, t. 1,4 cm, 175,15 g	bukskår m/litt matskorpe på innsida	A1	53	99			21.08	sd
B16514/03	33	kleberstykke	kleber	1	4,1 cm, 18,27 g	muleg bearbeida	A1	52	100	nø		19.08	sd
B16514/04	34	keramikkskår		1	1,7 cm, t. 0,5 cm	svart på ei side, raudleg på andre sida. Ubestemt magringsmateriale	A1	52	100	nø		19.08	hh
B16514/05	46	pilespiss	flint	1	st.l. 1,9 cm, st.br. 0,9 cm (basis)	flateretusjert m/svakt konkav basis, ytterste spissen manglar	A1	53	100	nv		19.08	sd
B16514/06	47	skrapar	flint	1	3,7 cm	steil retusj i distalende, retusj langs to langsider	A1	53	100	nv		19.08	sd
B16514/07a	30	avslag	flint	3	1,2-2,0 cm	den største er noko patinert/lett brent	A1	52	99			21.08	sd
B16514/07b	32	avslag	flint	5	1,4-3,8 cm	2 patinert/frostsprengt, 1 brent	A1	52	100	nø		19.08	sd
B16514/07c	36	avslag	flint	2	1,2-2,1 cm	m/cortexrest	A1	53	99			21.08	sd
B16514/07d	20	avslag	flint	1	0,7 cm		A1	52	100	sø		21.08	hh
B16514/07e	42	avslag	flint	1	1,4 cm	patinert	A1	53	100	sø		21.08	hh
B16514/07f	57	avslag	flint	1	1,5 cm	litt patinert	A1	54	100	sv		19.08	hh
B16514/07g	48	avslag	flint	1	1,7 cm	frostsprengt?	A1	53	100	nv		19.08	sd
B16514/07h	58	avslag	kvartsitt	1	4,2 cm	grønn	A1	54	100	nv		19.08	hh
B16514/07i	35	avslag	kvartsitt?	1	5,5 cm	grønn	A1	53	99			21.08	sd
B16514/08	52	nøtteskall			0,24 g	brent (vp 8)	A1	53	100	sv	40-45 cm	19.08	hh
B16514/09a	51	brent bein		1	0,54 g		A1	53	100	nv		19.08	hh
B16514/09b	59	brent bein		2	0,11 g		A1	54	100	nv		19.08	hh
B16514/10	8	knakkestein	bergart	1	8,8 cm	tydelege knakkespor på ei flat side og eine enden	A2					18.08	hh
B16514/11	9	brent bein		1	0,01 g		A2					15.08	hh
B16514/12	14	dolk	flint	1	3,2 cm, st.br 1,8 cm	avknekt spiss av flateretusjert flintdolk	0					14.08	hh
B16514/13	12	nagle	jern	1	1,4,7 cm, diam hode 1,5 cm	rundt hovud	0	51	100	sø	0-5 cm	12.08	hh
B16514/14	22	jernfrgm	jern	1	1,0 cm	del av nål?	0	52	100	sø	5-10 cm	18.08	sd
B16514/15a	45	kleberkarskår	kleber	1	5,1 cm, t. 1,1 cm, 40,17 g	bukskår m/horizontal innsnevring	0	53	100	nv	35 cm	19.08	hh
B16514/15b	1	kleberkarskår	kleber	1	3,0 cm, t.0,9 cm	bukskår	0	51	100	sv	0-7 cm	12.08	hh
B16514/16	16	kleberstykke	kleber	1	6,2 cm, 70,29 g	kleberbit med slipt felt, del av vevlodd/fiskesøkke?	0	51	102	sø	5-10 cm	18.08	hh
B16514/17a	56	keramikkskår		1	4,4 cm, t. 0,5 cm	+ 10 avskalla flak. Bleik raud, ubestemt magringsmat. (samme type som f.nr.17)	0	53	102	sø	0-7 cm	13.08	hh
B16514/17b	17	keramikkskår		1	2,9 cm, t. 0,4 cm	raudleg gods, ubestemt magringsmat.	0	52	100	sø	0-5 cm	12.08	hh
B16514/18	3	slipeplate	kvartsitt?	1	9,3 cm, t. 1,3 cm	kantstykke av flat slipeplate, slipt på begge sider	0	51	101	sv	0-7 cm	12.08	hh
B16514/19	54	avslag, retusjert	flint	1	2,9 cm	retusjert på to sider	0	53	102	sv	10 cm	14.08	hh
B16514/20a	7	avslag	flint	1	2,9 cm	mulig retusj i distalenden. Patinert, vannrulla	0	51	102	svv	30 cm	19.08	hh

Tilvekst	Funn- nr	funntype	materiale	antal	mål	skildring	struktur	X	Y	KV	nivå	dato	sign
B16514/20b	28	avslag	flint	1	1,7 cm	kjernefragment?	0	52	102	nv	0-7 cm	13.08	hh
B16514/20c	6	avslag	flint	1	4,5 cm	bipolar kjernefrg? Vannrulla?	0	51	102	sv	0-7 cm	13.08	hh
B16514/20d	53	avslag	flint	2	0,4-2,2 cm	begge brent	0	53	101	nø	0-7 cm	14.08	hh
B16514/20e	5	avslag	flint	1	1,0 cm		0	51	101	sø	7-10 cm	18.08	sd
B16514/20f	15	avslag	flint	1	2,5 cm		0	51	102	sv	0-7 cm	13.08	hh
B16514/20g	18	avslag	flint	1	2,0 cm		0	52	100	sø	0-5 cm	12.08	hh
B16514/20h	13	avslag	flint	1	1,8 cm	distalenden er avknekt	0					18.08	hh
B16514/20i	23	avslag	flint	2	1,5-1,5 cm		0	52	102	sv	10 cm	14.08	hh
B16514/20j	24	avslag	flint	1	1,5 cm		0	52	101	sø	10 cm	14.08	hh
B16514/20k	27	avslag	flint	1	1,4 cm		0	52	102	sv	5-10 cm	18.08	hh
B16514/20l	44	avslag	flint	1	1,8 cm		0	53	100	nv	10 cm	14.08	hh
B16514/20m	2	bit	flint	1	0,2 cm	brent	0	51	100	nv	0-7 cm	12.08	hh
B16514/20n	25	avslag	mylonitt	1	3,2 cm	grønnleg	0	52	101	nv	5-10 cm	14.08	hh
B16514/20o	19	avslag	mylonitt	1	1,5 cm	grønnleg	0	51	102	nv	0-7 cm	14.08	hh
B16514/20p	43	avslag	mylonitt	1	3,0 cm		0	53	100	nv	10 cm	14.08	hh
B16514/20q	49	avslag	mylonitt	1	1,9 cm		0	53	101	sø	0-7 cm	12.08	hh
B16514/20r	31	avslag	mylonitt?	1	3,0 cm	grønnleg	0	52	100	sv	35 cm	19.08	hh
B16514/20s	4	bit	kvartsitt	1	5,1 cm	bit med slåtte felt, lys grå bånd	0	51	101	sø	7-10 cm	18.08	sd
B16514/20t	39	bit	bergkrystall	1	0,4 cm		0	53	100	sø	0-5 cm	12.08	hh
B16514/20u	11	bit	ubestemt	1	2,4 cm, 1,32 g	svart steinaktig med blank overflate	0	51	100	sø	0-5 cm	12.08	hh
B16514/21	55	slagg		1	78,13 g		0	53	101	nø	0-7 cm	14.08	hh
B16514/22	26	brent leire		3	1,75 g		0	52	101	nv	5-10 cm	14.08	hh
B16514/23a	29	brent bein		1	0,17 g		0	52	102	nø	0-7 cm	13.08	hh
B16514/23b	40	brent bein		5	0,09 g		0	53	100	nø	5-10 cm	14.08	hh
B16514/23c	50	brent bein		2	0,11 g		0	53	101	nv	10 cm	14.08	hh
B16514/23d	41	brent bein		1	0,07 g		0	53	100	sv	10-15 cm	14.08	hh
B16514/23e	10	brent bein		1	0,10 g		0	51	100	nø	35-40 cm	19.08	hh

Vedlegg 2: Prøveliste

Lab. nr.	VP	trekolvekt	type	struktur	kommentar	tolking
Beta-253027	1	6,84 g	c	A2	kollinse	branngrav
	2	15,22 g	c	A2		branngrav
Beta-253028	3	5,92 g	c	A1	lag 3	kolhaldig lag i A1
	4	2,10 g	c	A1	lag 2	
	5	55,37 g	c	A3		eldsted/rest av branngrav
	6	11,73 g	c	0	Ø-V profil lag 2	røysmasse utanfor A1
	7	3,19 g	c	0	Ø-V profil lag 2	røysmasse utanfor A1
	8	0,26 g	c	A1	lag 3	Nøtteskal (B16514/8, funn-nr.52)

Vedlegg 3: Liste over feltteikningar

Teikn. nr. 1: Feltoversikt plan, 1:100	14.08.2008 HH
Teikn. nr. 2: A1 plan, A2-A4 plan og profil, 1:10/1:20	19/21.08.2008 HH
Teikn. nr. 3: A1 plan etter formgraving, S del, 1:20	20.08.2008 HH
Teikn. nr. 4: NV-profil med A1 og A2, 1:20	20.08.2008 HH

Foto	struktur	type	mot	kommentar	filmtype	dato	sign
01-01		o	nø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-02		o	sø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-03		o	sv	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-04		o	sø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-05		o	sø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-06		o	sø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-07		o	nø	oversikt etter avtorving	digi	11.08.2008	hh
01-08		o	nø	oversikt, gravd 5-7 cm	digi	14.08.2008	hh
01-09		o	nv	oversikt, gravd 5-7 cm	digi	14.08.2008	hh
01-10		o	sv	oversikt, gravd 5-7 cm	digi	14.08.2008	hh
01-11		o	sø	oversikt, gravd 5-7 cm	digi	14.08.2008	hh
01-12		o	nø	oversikt, gravd 15-20 cm	digi	14.08.2008	hh
01-13		o	nv	oversikt, gravd 15-20 cm	digi	14.08.2008	hh
01-14		o	sv	oversikt, gravd 15-20 cm	digi	14.08.2008	hh
01-15		o	sø	oversikt, gravd 15-20 cm	digi	14.08.2008	hh
01-16		p	nø	profil v/53x102y-54x102y	digi	14.08.2008	hh
01-17		p	nv	profil langs 100y-aksen	digi	15.08.2008	hh
01-18		p	nv	profil langs 100y-aksen	digi	15.08.2008	hh
01-19		p	nv	profil langs 100y-aksen	digi	15.08.2008	hh
01-20		p	nv	profil langs 100y-aksen	digi	15.08.2008	hh
01-21		o	v	profil langs 100y-aksen	digi	15.08.2008	hh
01-22	A1	f	nv		digi	15.08.2008	hh
01-23	A2	f	nv		digi	15.08.2008	hh
01-24		p	sv	profil v/54x100y-54x101y	digi	15.08.2008	hh
01-25	A2	p	sv		digi	15.08.2008	hh
01-26	A2	p	sv		digi	15.08.2008	hh
01-27	A2	p	sv		digi	15.08.2008	hh
01-28	A2	p	nv		digi	15.08.2008	hh
01-29	A2	p	sv	oversikt	digi	15.08.2008	hh
01-30	A2	p	sv		digi	15.08.2008	hh
01-31	A2	p	sv		digi	15.08.2008	hh
01-32	A2	a	nø		digi	15.08.2008	hh
01-33	A2	a	nø		digi	15.08.2008	hh
01-34	A2	a	sø		digi	15.08.2008	hh
01-35	A2	o	nø	ferdig gravd	digi	15.08.2008	hh
01-36	A2	o	sø	ferdig gravd	digi	15.08.2008	hh
02-01	A2	o	sv	ferdig gravd	digi	15.08.2008	hh
02-02		f	nø	51x102y, gravd 5 cm	digi	18.08.2008	hh
02-03		f	nø	oversikt, gravd 10-15 cm	digi	18.08.2008	hh
02-04		f	nø	oversikt, gravd 10-15 cm	digi	18.08.2008	hh
02-05		f	sø	oversikt, gravd 10-15 cm	digi	18.08.2008	hh
02-06		f	sv	oversikt, gravd 10-15 cm	digi	18.08.2008	hh
02-07		f	sø	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	18.08.2008	hh
02-08		f	sø	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	18.08.2008	hh
02-09		f	s	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	18.08.2008	hh
02-10		f	sv	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	18.08.2008	hh
02-11		f	nv	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	18.08.2008	hh
02-12		f	nø	oversikt, gravd 20-25 cm	digi	19.08.2008	hh
02-13		f	nø	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-14		f	sø	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-15		f	s	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-16		f	sv	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-17		f	nv	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-18		f	nv	oversikt, gravd 35-40 cm	digi	19.08.2008	hh
02-19		o	sø	fjerning av stein i botn	digi	19.08.2008	hh
02-20		o	nø	fjerning av stein i botn	digi	19.08.2008	hh

Foto	struktur	type	mot	kommentar	filmtype	dato	sign
02-21	A1	f	nv		digi	19.08.2008	hh
02-22	A1	f	nv		digi	19.08.2008	hh
02-23	A1	f	nv		digi	19.08.2008	hh
02-24	A1	f	v		digi	19.08.2008	hh
02-25		a		arbeidsfoto	digi	19.08.2008	hh
02-26		a		arbeidsfoto	digi	19.08.2008	hh
02-27	A1	a	sø		digi	19.08.2008	hh
02-28	A1	a	sø		digi	19.08.2008	hh
02-29	A1	a	sø		digi	19.08.2008	hh
02-30	A1	o	nv		digi	19.08.2008	hh
02-31	A1	p	sø	snitta inntil profilveggen	digi	19.08.2008	hh
02-32	A1	p	sø	snitta inntil profilveggen	digi	19.08.2008	hh
02-33	A1	p	sø	snitta inntil profilveggen	digi	19.08.2008	hh
02-34	A1	o	nv	snitta inntil profilveggen	digi	19.08.2008	hh
02-35	A1	p	sv	N-S profil	digi	20.08.2008	sd
02-36	A1	p	nv	N-S profil	digi	20.08.2008	sd
03-01		o	v	muleg avgrensing av røys	digi	20.08.2008	sd
03-02		p	nv	profil mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-03		p	nv	profil mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-04		p	nv	profil mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-05		p	v	profil mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-06	A1	o	ø	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-07	A1	o	nv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-08	A1	o	nv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-09	A1	o	sv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-10	A1	o	sv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-11	A1	o	nv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-12	A1	o	nv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-13	A1	o	nv	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-14	A1	o	v	utvidelse mot NV	digi	20.08.2008	hh
03-15		a	sv	arbeidsfoto	digi	20.08.2008	hh
03-16		p	nv	profil mot NV, SV for A1	digi	20.08.2008	hh
03-17	A1	o	n		digi	20.08.2008	sd
03-18		p	sv	N-S profil	digi	20.08.2008	sd
03-19		p	nv	N-S profil	digi	20.08.2008	sd
03-20	A3	f	v		digi	21.08.2008	hh
03-21		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-22		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-23		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-24		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-25		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-26		p	nv	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	hh
03-27		p	v	Ø-V profil, V for A1	digi	21.08.2008	sd
03-28	A3	f	sø		digi	21.08.2008	sd
03-29	A3	f	sv		digi	21.08.2008	sd
03-30	A3	p	sø		digi	21.08.2008	sd
03-31	A3	p	sø		digi	21.08.2008	sd
03-32	A4	f	sø		digi	21.08.2008	sd
03-33	A4	o	sø	oversikt, m/A1	digi	21.08.2008	hh
03-34	A4	p	sø		digi	21.08.2008	hh
03-35	A1	f	ø		digi	21.08.2008	hh
03-36	A1	f	v		digi	21.08.2008	hh
04-01	A1		ø		digi	21.08.2008	hh
04-02	A1		ø		digi	21.08.2008	hh
04-03	A1		ø		digi	21.08.2008	hh
04-04	A1		ø		digi	21.08.2008	hh

Foto	struktur	type	mot	kommentar	filmtype	dato	sign
04-05	A1		nø		digi	21.08.2008	hh
04-06	A1		nv		digi	21.08.2008	hh
04-07	A1		nø		digi	21.08.2008	hh
04-08	A1		nv		digi	21.08.2008	hh
04-09	A1		n		digi	21.08.2008	hh
04-10	A1		ø		digi	21.08.2008	hh
04-11	A1		ø	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-12	A1		nv	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-13	A1		v	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-14	A1		sø	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-15	A1		ø	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-16	A1		nv	ferdig gravd	digi	21.08.2008	hh
04-17	A5	f		steinopptrekk i A1	digi	21.08.2008	hh
04-18					digi		

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12=-25.8;lab.mult=1)

Laboratory number: **Beta-253027**


Conventional radiocarbon age: **2270±40 BP**

2 Sigma calibrated results Cal BC 400 to 340 (Cal BP 2350 to 2290) and
(95% probability) Cal BC 320 to 210 (Cal BP 2270 to 2160)

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: Cal BC 380 (Cal BP 2330)

1 Sigma calibrated results: Cal BC 390 to 360 (Cal BP 2340 to 2310) and
(68% probability) Cal BC 280 to 260 (Cal BP 2230 to 2200)



References:

Database used

INTCAL04

Calibration Database

INTCAL04 Radiocarbon Age Calibration

Int Cal 04: Calibration Issues of Radiocarbon (Volume 46, nr 3, 2004).

Mathematics

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2), p 317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12=-25.2;lab.mult=1)

Laboratory number: **Beta-253028**


Conventional radiocarbon age: **2530±40 BP**

2 Sigma calibrated result: Cal BC 800 to 530 (Cal BP 2750 to 2480)
(95% probability)

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: Cal BC 760 (Cal BP 2720)

1 Sigma calibrated results: Cal BC 780 to 750 (Cal BP 2740 to 2700) and
(68% probability) Cal BC 690 to 660 (Cal BP 2640 to 2610) and
Cal BC 640 to 590 (Cal BP 2590 to 2540)



References:

Database used

INTCAL04

Calibration Database

INTCAL04 Radiocarbon Age Calibration

IntCal04: Calibration Issues of Radiocarbon (Volume 46, nr 3, 2004).

Mathematics

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2), p 317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com